



Arkivnr: 2014/11976-7
Saksbehandlar: Inge Edvardsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.02.2014
Fylkesutvalet		19.02.2014

Omklassifisering av fylkesveggar i Austevoll kommune

Samandrag

Saka gjeld 4 fylkesveggar i Austevoll kommune som ikkje lenger har fylkesvegfunksjon. Desse vegarmane fører fram til ferjekaier der ferjesambandet er nedlagt. Statens vegvesen tilrår at vegarmane vert omklassifisert til kommunale vegar. Det vart gjennomført synfaring med Austevoll kommune og påpeikt feil og manglar på vegane. Desse manglane er no utbetra, med unntak av litt asfaltarbeid på Kalve, dette vert gjennomført våren 2015. Fylkesrådmannen sluttar seg til tilrådinga frå Statens vegvesen.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at følgjande fylkesvegstrekingar i Austevoll kommune vert omklassifisert til kommunal veg:

1. Fv 156 – hp 01 – km 4,221 – 4,4460 Kalve – 225 meter
2. Fv 153 – hp 01 – km 2,907 – 3,013 inklusiv ferjeleie Kvaløy – 106 meter
3. FV 153 – hp 60 – km 4,433 – 4,590 Barmen – 157 meter
4. FV 155 – hp 50 – km 0,290 – 0,545 Kolbeinsvik – 255 meter

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Brev frå Austevoll kommune til Statens vegvesen
- 2 Omklassifisering av fylkesveggar i Austevoll kommune

Fylkesrådmannen, 28.01.2015

Bakgrunn for saka

Saka gjeld fire fylkesvegarmar i Austevoll kommune som fører fram til ferjekaier der ferjesambandet er nedlagt. Dette gjer at dei ikkje lenger har fylkesvegfunksjon. Dette gjeld 225 meter på fv 156 ned til den tidlegare ferjekaien på Kalve. På fv 153, 106 meter til, og inkludert ferjekaien på Kvaløy. Begge desse ligg på Stora Kalsøy. Vidare på fv 153, 157 meter ned til ferjekaien på Barmen på Hundvåko. Til sist på fv 155, 255 meter til den nedlagte ferjekaien i Kolbeinsvik på Huftarøy.

Statens vegvesen rår i brev av 1. desember 2014 til at desse fylkesvegarmane vert omklassifisert til kommunale vegar.

Austevoll formannskap har handsama spørsmålet, og gjort vedtak på å godta eigarskapet til desse vegarmane.

Det vart gjennomført ei synfaring 25. juni 2013 der det vart påpeikt feil og manglar på vegane. Dei registrerte manglane er no utbetra, med eit unntak for litt asfaltarbeid på Kalve som skal utførast våren 2015.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen føreset at dei resterande påpeikte manglane på Kalve vert gjennomført som planlagt, og sluttar seg til tilrådinga frå Statens vegvesen.